



KYSTVERKET

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Vår ref
2021/5678-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Einar Bjørshol

Dato
21.06.2021

Forskrift om alternativt drivstoff - Kystverkets høyringsvar

Kystverket syner til Samferdselsdepartementets høyringsbrev, høyringsnotat og forslag til forskrift om infrastruktur for alternativt drivstoff som blei sendt ut på høyring 5. mai 2021.

I høyringsbrevet skriv departementet at ein ikkje foreslår å innføre gebyr for brot på forskrifta eller å peike ut noka tilsynsstyresmakt for forskrifta. Til dette vil vi peike på at dei delane av forslaget som gjeld er heimla i hamne- og farvasslova, dvs. føresegnene om farty, fell inn under hamne- og farvasslovas system for handheving. Her er det heimel både for gebyr for brot på forskrift og for tilsyn, jf. hamne- og farvasslova § 50 første ledd og forskrift 15.03.2021 nr. 703 om tilsyn etter hamne- og farvasslova § 28 andre ledd.

Vidare støtter vi at det blir gjort unntak for forskrift om infrastruktur for alternativt drivstoff i forskrift om hamner og farvatn på Svalbard § 2 samtidig som forskrifta blir fastsett. Det vil medverke til å gjere det tydeleg for brukarane at forskrift om infrastruktur for alternativt drivstoff ikkje gjeld på Svalbard. Det er òg ønskeleg at forskrift om hamner og farvatn på Svalbard blir oppdatert ved fastsetting av nye forskrifter under hamne- og farvasslova som har treng tilpassing på Svalbard, slik at den til ei kvar tid viser den gjeldande rettstilstanden.

I forslaget § 1 første ledd er setninga ufullstendig. Vi foreslår at setninga blir endra som følgjer (endringar er strekte over): «*Forskriftens formål er å sikre ensartet anvendelse av tekniske spesifikasjoner for anlegg som tilbyr samme type alternativt drivstoff følger like tekniske spesifikasjoner.*»


I forslaget vedlegg 3 pkt. 3.1 ser det ut til å mangle eit ord. Vi foreslår at setninga blir endra som følgjer (endringar er strekte under): «*For fartøy som ikke omfattes av det internasjonale regelverket for bygging og utrustning av fartøy som transporterer flytende gass i bulk (IGC-regelverket), skal LNG-energistasjonene være i samsvar med standard [...]*»

I høyringsnotatet og i forslaget til forskrift er samansette ord med «landstrøm» som første ledd konsekvent skrivne utan fuge-s. Meir korrekt språk og enklare munnleg uttale ville vere å skrive dei samansette orda med fuge-s. Kystverket foreslår difor at i forskrifta blir

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



«landstrømforsyning» erstatta med «landstrømsforsyning» og at «landstrømanlegg» blir erstatta med «landstrømsanlegg».

Kystverket viser til at eit implisitt føremål med forskrifta er å implementere EU sitt direktiv om infrastruktur for alternative drivstoff (2014/94/EU) i norsk lov. Den teknologiske utviklinga for alternative drivstoff i sjøfarten går raskt, medan prosessen for internasjonal standardisering av løysingane tek tid. Innan elektrifisering av sjøfarten er det difor berre standarden for høgspenning landstraum som er vedteken og dermed oppgitt i direktivet. Ei snever tolking av standarden vil kunne føre til krav om at nye ladeanlegg som skal forsyne ferjer, hurtigbåtar og andre skipstyper med høgspenning vekselstraum skal følgje standarden IEC/ISO/IEEE 80005-1. Den standarden er lite høveleg til dette føremålet, og Kystverket vil difor understreke at det er viktig at direktivet og forskrifta ikkje stiller krav som i praksis legg band på den teknologiske utviklinga.

Med helsing

Einar Vik Arset
kystdirektør

Sven Martin Tønnessen
direktør transport, hamn og farlei

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: